



Leiar Hans Reidar Kjærland ved hovudinntaket vinteren 2010. Slike situasjonar meiner ein å unngå etter ei kraftutbygging (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vassverket må få vetorett i byggekomiteen for det eventuelle kraftverket i Eikedalen. Det understreka vassverkleiar Hans Reidar Kjærland i møtet om konsekvensanalysen. Det betyr at vassverket til dømes kan stanse arbeidet på anlegget dersom vannkvaliteten i dagens inntak ikkje kan sikrast.

Ein annan føresetnad er at anleggsarbeidet skjer slik at dagens inntak og reserveinntaket likevel kan nyttast ved behov.

Ellers er det ein føresetnad at eventuelle auka kostnadar skal kompenseras. Det kan til dømes vere økt energiforbruk ved å pumpa vatn frå reserveinntaket på grunn av oftare bruk. Det kan også økt tilsynskostnad med inntak i dam i staden for i elva rett utanfor prosessanlegget.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen